NOREGS UNGDOMSLAG

# ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2018



*Levande lokalkultur*

**ÅRSMELDING 2018**

Noregs Ungdomslag vart skipa i 1896 og er ein kulturorganisasjon med over 14 000 medlemmar i 350 lag over heile landet. Noregs Ungdomslag skal gjennom folkelege kulturaktivitetar skape engasjement og levande lokalmiljø.

**FRAMSIDEFOTO:**
Halldis Folkedal, frå innspeling av Folkepedia-filmar med Tårstad Leikarring i Evenes i Nordland. Om ikkje anna er oppgitt, er foto teke av tilsette på NU-kontoret.

**KONTAKTINFORMASJON:**
Telefon: 24 14 11 10
E-post: post@ungdomslag.no
Adresse: Øvre Slottsgate 2B, 0157 Oslo

MILJØMERKET TRYKKERI 07 MEDIA – 2041 0379

**PÅ VERDENSVEVEN:**
www.ungdomslag.no
www.facebook.com/noregsungdomslag
www.instagram.com/ungdomslag
#levandelokalkultur

**DESIGN:**
Janne Kolås, Krible design

**TRYKK:**
Merkur Grafisk AS

# INNHALD


| | | |
|---|---|---|
| | **Føreord frå styret** | **2** |
| **1** | **Arbeid i perioden** | **3** |
| **2** | **Organisasjonsstrukturen** | **6** |
| | Medlemmane | 7 |
| | Lokallaga | 8 |
| | Fylkeslaga | 9 |
| **3** | **Ungdomshus og lagsbruk** | **12** |
| | NU Kulturformidling | 13 |
| | Dokumentasjon av lagsbruka | 13 |
| | Huset i Bygda | 13 |
| **4** | **Opplæringsarbeidet** | **14** |
| | Verktøy for laga sitt opplæringsarbeid | 14 |
| | Nasjonal instruktøropplæring | 15 |
| | Andre nasjonale opplæringstiltak | 16 |
| | Opplæringstiltak i samarbeid med andre organisasjonar | 16 |
| | Tilskot til opplæring | 17 |
| **5** | **Møtestader** | **18** |
| | Sommarleiren | 19 |
| | NORDLEK | 19 |
| | Kven Veit? og Junior Kven Veit? | 19 |
| **6** | **Informasjonsarbeid og interessepolitikk** | **20** |
| | Informasjonsarbeid | 20 |
| | Interessepolitikk | 20 |
| **7** | **Styringsstrukturen** | **22** |
| | Landsmøtet | 23 |
| | Landsrådet | 24 |
| | Heidersmedlemmar | 24 |
| | Styret | 24 |
| | Valnemnd | 25 |
| | Utval nedsett av styret | 25 |
| **8** | **Administrasjonen** | **26** |
| | Generalsekretæren | 27 |
| | Andre tilsette | 27 |
| | Anna arbeidsgjevaransvar | 27 |
| | Drift av kontoret | 27 |
| **9** | **NU, andre organisasjonar og fond** | **28** |
| | Medlemsorganisasjonar | 28 |
| | Andre nærskylde organisasjonar | 28 |
| | Fonda | 28 |
| | Andre samarbeid | 28 |
| **10** | **Samarbeid med andre organisasjonar** | **30** |
| | Faste representasjonar/oppnemningar | 31 |
| | Eksterne møte/representasjon | 31 |
| **11** | **Tilskot og økonomi** | **32** |
| | Driftstilskot | 32 |
| | Prosjekttilskot | 32 |
| | Tilskot til laga utbetalt av sentralleddet | 32 |
| **12** | **Rekneskap** | **35** |

# FØREORD FRÅ STYRET

Det er grunn til optimisme. 2018 var eit godt år for Noregs Ungdomslag.

Vi registrerte vekst i medlemstal, fleire nye medlemslag, største tal utsendingar på landmøtet på mange år, fleire deltakarar på sommarleiren og auke i statleg tilskot. Samstundes er det framleis utfordringar. Dei store trendane syner ei profesjonalisering av frivilligheita. Mange vil framleis vere med, men færre vil bruke tida si i styre, nemnder og utval. Det blir færre som legg til rette aktiviteten for fleire deltakarar. Det slit på eldsjelene, og det er sårbart når oppgåver og rutinar skal førast vidare. Fleire lokallag slit med vanskelege generasjonsskifte.

I det utoverretta og overordna arbeidet har det vore brukt mykje tid i samarbeid med Teateralliansen med å få på plass nytt tilskotssystem og styring av det nasjonale amatørteaterarbeidet. NU er sentrale både her og i Kulturalliansen som jobbar for å betre rammevilkåra for kulturfrivilligheita.

Den gode drifta, auka i aktivitet og medlemstal og engasjementet på nasjonalt plan har vi mykje å takke Eli Ulvestad for. I 2018 takka ho for seg etter ni år som generalsekretær. Styret vil takke ho for den enorme innsatsen ho har lagt ned, og den retninga som ho har ført organisasjonen. Ho har vore utruleg viktig for å skape det grunnlaget vi no håper å kunne utvikle oss og vekse vidare.

Generalsekretær er ein viktig funksjon i NU, og eit skifte er krevjande. Samstundes så har vi valt å gjere dette til ein åremålsstilling nettopp fordi det er sunt med skifte innimellom. Vi er veldig glade for å ha fått Kai Roger Vatne på laget. Det har vore viktig for styret å finne ein som stiller andre spørsmål og utfordrar oss på nye område. NU er ein organisasjon med mange tradisjonar, og innimellom gjer vi ting mest av gamal vane.

Vi vonar at 2019 og åra som kjem kan halde fram den gode utviklinga.

***Oslo, 3. februar 2019***
***Styret i Noregs Ungdomslag***




*NU-styret (f.v) Endre Strømsjordet Myhre (1. vara), Terje Svindseth (organisatorisk nestleiar), Marit Nerås Krogsæter (politisk nestleiar), Morten Nilsen, Kevin André Kuntze Theigmann, Mette Vårdal (styreleiar), Torbjørn Bergwitz Lauen, Marie Nicolaisen (3. vara) og Tone Mjelde. Stian Johannesen Bildet vart teke i februar 2018, og Nina Byttingsmyr var enno ikkje valt inn som 2. vara.*

# ARBEID I PERIODEN

Landsmøtet i 2014 vedtok ein langtidsplan for perioden 2014–2018 med fem overordna strategiar, og ein nærare omtale av utfordringane knytt til desse strategiane. I tillegg har landsmøtet vedteke arbeidsplanar med mål for perioden 2014–2016 og 2017–2018. I denne første delen av årsmeldinga rapporterer styret på kva tiltak som er gjennomført i 2018 for å oppnå måla i arbeidsplanen.

"

**Langtidsplanen sitt overordna mål:**
*Sikre Noregs Ungdomslag sin posisjon som ein organisasjon for lokalkultur og levande lokalmiljø*

## Langtidsplanstrategi 1:
**Styrke den lokale aktiviteten.**

«Noregs Ungdomslag er tufta på lokal aktivitet. Ei styrking av denne aktiviteten vil styrke Noregs Ungdomslag som organisasjon. Ein kvar organisasjon i utvikling må ha ei målsetjing om auke eller vekst for å vere levekraftig.»
HOVUDUTFORDRING 2017–2018

| MÅL I ARBEIDSPROGRAMMET 2017–2018 | GJENNOMFØRTE TILTAK 2018 |
|---|---|
| Etablere instruktørkursa som eit attraktivt opplæringstilbod, slik at laga får fleire og meir skolerte instruktørar. | Instruktørkursmodellen har treft bra innan dans, og vi har hatt god oppslutnad om kursa på ulike stader i landet, men vi har ikkje lykkast innan teater der to kurs har blitt avlyst på grunn av for få påmelde (sjå meir under kapittel 4). Den årlege kartlegginga av kurstema vart ikkje gjennomført i 2018. |
| Gjesteinstruktørordninga skal vere kjent for fleire lokallag, slik at dei kan få instruktørar heim til laget. | Fleire har nytta seg av ordninga innan dans, og innan teater har det blitt sendt ut instruktør tre gongar, likeins som i 2017. Auken kan henge saman med at ordninga har blitt aktivt profilert på lokallagsbesøka. |
| Folkepedia skal vere etablert som ein ressurs for den lokale aktiviteten. | Folkepedia.no blir stadig meir kjent, etter god profilering på mellom anna Facebook og filmlanseringar frå fleire stadar i Noreg. Det blei i 2018 lansert filmar frå Møre og Romsdal og Nordland. Det har også blitt gjennomført eit eige instruktørkurs for bruk av Folkepedia i opplæringsarbeidet lokalt. |
| Huset i Bygda skal utvidast med prosjektleiarstillingar i fleire fylke. | Prosjektfinansieringa av Huset i bygda krev som regel at NU og/eller fylkeslaget må stille med minimum 50 prosent eigenfinanisering. Styret ser det ikkje som føremålstenleg å ha meir enn eitt prosjektfylke om gongen, for å minimere den økonomiske risikoen når det kjem til gjennomføring av Huset i Bygda-prosjekt. Det var i 2018 lagt opp til at vi skulle søkje om støtte til fleire fylke, men dette vart ikkje gjort då ein vil vente til ein er ferdig med prosjektet i Møre og Romsdal. |
| NU kulturformidling og Huset i Bygda skal vere etablert som ein nasjonal ressursbank for lag med eigne hus. | NU jobbar med å ferdigstille prosjektet NU kulturformidling, som har prosjektperiode 2018-2020. Prosjektet skal inn i normal drift etter 2020. NU koordinerer arbeidet med Huset i Bygda, ved å sørge for halvårlege møte mellom prosjektleiarane, slik at ein er sikra ei nasjonal samordning. |

## Langtidsplanstrategi 2:
## Styrke nettverket mellom ungdomslaga på lokalt, regionalt, nasjonalt og nordisk nivå.

«Ungdomslaga sitt arbeid tek utgangspunkt i lokalmiljøet sitt særpreg og behov. Laga må oppleve eit fellesskap på tvers av geografiske og faglege linjer, slik at samhøyrigheita i organisasjonen blir styrka. Fleire stader fungerer ikkje fylkeslaga optimalt som eit samarbeidsorgan for laga, og dette er ei utfordring som lokallaga må ta tak i.»
HOVUDUTFORDRING 2017–2018

| MÅL I ARBEIDSPROGRAMMET 2017–2018 | GJENNOMFØRTE TILTAK 2018 |
|---|---|
| Alle lokallaga skal ha fått tilbod om besøk frå sentralleddet og fylkeslaget. | Alle lag blei ikkje nådd i første runde, og ein hadde som plan at ein skulle nå dei resterande i 2018. Dette var det ikkje kapasitet til, og dei resterande laga blir besøkt i den nye runden som startar i 2019. Det er utvikla ein strategi for ny besøksrunde, og ein har lagt ein plan for gjennomføring av ny besøksrunde i den nye langtidsperioden. |
| Bruke besøksrunden som eit verktøy for å avklare laga sine behov for dei fylkeslaga som ikkje fungerer optimalt. | Det vart starta ein dialog med fylkeslaga på Landsrådsmøte i 2018, og ein har lagt ein plan for korleis ein skal jobbe med nokre av fylkeslaga som slit i 2019. |
| Bruke besøksrunden som eit verktøy for å auke samarbeidet og informasjonsutvekslinga mellom lokallaga, og mellom lokallaga og fylkeslaget. | Dette er aktivt arbeidd med, men resultata vil eventuelt vise etter kvart. Vi har jobba opp mot det enkelte fylkeslag, gjennom deltaking på møte og Landsrådsmøtet. Vi jobbar også for å få på plass tekniske løysingar som skal gjere det enklare å kommunisere. |
| Sommarleiren skal vere den viktigaste sentrale tilskipinga og skal prioriterast høgt i arbeidsperioden. Sommarleiren skal vere ein attraktiv møtestad for ungdomsmedlemmene, og nærme seg ei langsiktig målsetjing om 220 deltakarar i 2020. | Sommarleiren er ei viktig satsing for styret og ein har derfor brukt dei ressursane som trengs for å klare å gjennomføre ein god sommarleir. Det blei gjennomført sommarleir på Solbakken folkehøgskule med 50 deltakarar, som er ein auke frå 2017. Programmet blei også lagt til rette for at deltakarane kunne delta på nordisk sommarleir i Falun i forlenginga av leiren. |
| NORDLEK skal vere ein attraktiv møtestad for folkedansgrupper og -lag. | Det var NORDLEK i 2018, og 250 deltok frå Noreg. Den norske deltakinga vart koordinert frå NU-kontoret. Det blei også gjennomført dansekurs for samdansane før NORDLEK, i Oslo og Bodø, for å rekruttere deltakarar til stemnet. |

## Langtidsplanstrategi 3:
## Auke opplæringsaktiviteten.

«Ungdomslaga har lange tradisjonar for opplæring innanfor folkelege kulturtradisjonar og organisasjons-demokrati. Samtidig går studiestatistikken for ungdomslaga nedover. Opplæringsaktiviten må bli styrka, slik at aktiviteten lokalt også kan auke.»
HOVUDUTFORDRING 2017–2018

| MÅL I ARBEIDSPROGRAMMET 2017–2018 | GJENNOMFØRTE TILTAK 2018 |
|---|---|
| Gjesteinstruktørordninga skal profesjonaliserast og profilerast, og knyta til seg fleire instruktørar. | Det har ikkje vore arbeidd konkret med å profesjonalisere gjesteinstruktørordninga, men ein har jobba aktivt med å profilere den, og lagt ein plan for korleis vi skal få fleire til å bruke ordninga i neste langtidsperiode. |
| Gjennomføra fire instruktørkurs på dans og teater kvart år. Instruktørkursa skal treffa både dei som er nye og dei som treng vidareutdanning. Kurs for barneinstruktørar skal prioriterast dersom det er behov for det. | Det blei gjennomført eit sjangerkurs i barne- og ungdomsteater i 2018, og ein nådde dermed ikkje målet om fire instruktørkurs på teater. Målet med fire kurs i dans blei nesten nådd med tre gjennomførte og eit avlyst kurs. |

## Langtidsplanstrategi 4:
**Styrke demokratiarenaene.**

«Oppslutnaden kring dei formelle demokratiarenaene i ungdomslaga er svak. Dårleg oppmøte på årsmøta på fylkes- og sentralplan medfører at vedtak som blir fatta ikkje er representative, og NU blir i realiteten ein organisasjon som er styrt av få. Medlemsdemokratiet må aukast, slik at organisasjonane med dette kan kalle seg medlemsstyrt.»
HOVUDUTFORDRING 2017–2018

| MÅL I ARBEIDSPROGRAMMET 2017–2018 | GJENNOMFØRTE TILTAK 2018 |
|---|---|
| Landsmøtet skal få auka oppslutnad frå lokallaga. | Landsmøtet til NU blei som planlagt gjennomført som ei NU-helg, som var vellykka gjennomført. Det var auke i deltakarar på landsmøtet i tillegg til at ein hadde deltakarar som berre deltok på kurs i løpet av helga. |
| Landsrådet skal utviklast som ein møtearena for fylkeslaga og sentralleddet. | Dei fleste fungerande fylkeslaga deltok på landsmøtet, og styret opplever dette som ein viktig og fruktbar møtearena. Landsrådsmøtet er ein viktig arena for å oppnå eit likt tenestetilbod for alle lokallag. |
| Alle fylkeslag skal gjennomføre årsmøte kvart år, med auka oppslutnad frå lokallaga. | Det har ikkje vore arbeidd konkret med dette i 2018. |

## Langtidsplanstrategi 5:
**Sikre ungdomslaga som formidlarar av immateriell kulturarv.**

«Ungdomslaga har ei viktig oppgåve i å formidle og utvikle den immaterielle kulturarven i landet. Tradisjonane spesielt innanfor folkedans og amatørteaterarbeid er lange i ungdomslaga, og det er viktig at desse tradisjonane kan leve vidare med ungdomslaga sitt ideologiske utgangspunkt».
HOVUDUTFORDRING 2017–2018

| MÅL I ARBEIDSPROGRAMMET 2017–2018 | GJENNOMFØRTE TILTAK 2018 |
|---|---|
| NU skal vere ein tydeleg interessepolitisk aktør i samarbeidsorgan og overfor styresmaktene, for å fremje ungdomslaga sin kulturfaglege posisjon. | NU deltek aktivt i interesseorganisasjonane vi er medlemmar i, og har styrerepresentasjon i mange av desse. Vi har også delteke på ulike møte i regi av Kulturrådet og Kulturdepartementet, på budsjetthøyringar på Stortinget, og på møte med politikarar på Stortinget. |
| NU skal gjennom arbeidet sitt synleggjere det nynorske skriftspråket, dialektane og det språklege mangfaldet som ein del av den immaterielle kulturarven. | NU brukar det nynorske skriftsspråket i all kommunikasjon, og gjennom dette er vi med på å synleggjere skriftspråket og det språklege mangfaldet. Vi deltek aktivt i Nynorsk Forum for å fremje dialektene og det nynorske skriftsspråket. |
| NU skal vere den leiande folkedansorganisasjonen i Noreg. | Vi har i år også arbeidd aktivt med å tydeleggjere folkedansprofilen vår, og Folkepedia har vore viktig i dette. |
| Amatørteaterarbeidet skal ha ein synleg posisjon i NU. | Gjennom satsinga på instruktøropplæringa og gjesteinstruktørordninga ønskjer vi å tydeleggjere kva tilbod teaterlaga kan få frå NU. Mykje ressursar har også vore brukt på Dramas, for å sørge for at teaterlaga skal ha tilgang på ei framtidsretta teneste for manuslån og rettigheitsklarering. Det er også brukt mykje ressursar på Teateralliansen og deira arbeid for å sikre teaterorganisasjonane gode økonomiske rammevilkår. |
| NU skal vere ein tydeleg aktør i samarbeidsfora for bunadspørsmål, for å sikre gode opplærings- og møtearenaer innanfor fagfeltet. | NU er medarrangør og deltek i styringsgruppa for fagdagane for bunad og folkedrakt, og for bunadopplæringa. I tillegg til dette er vi ein av organisasjonane som står bak prosjektet «Bunadbruk i Norge til UNESCO», og vi sit i styringsgruppa til dette prosjektet. |




KAKE FOR Å FEIRE MEDLEMSAUKE UNDER LANDSRÅDSMØTET
FOTO: INGER JOHANNE RUSET

# ORGANISASJONS-STRUKTUREN

Noregs Ungdomslag er ein grasrotorganisasjon, og lokallaga sine behov skal vere utgangspunktet for alt arbeid og alle satsingar i sentralleddet.

## Medlemmane

Dokumentasjon av medlemstal og aktivitet i lokallaga er eit særs viktig arbeid for sentralleddet, og det blir brukt mykje ressursar på dette dokumentasjonsarbeidet. Tala dannar grunnlaget for tilskot til drift, kurs og tiltak initiert av sentralleddet både til barne- og ungdomsarbeid frå Barne- og Likestillingsdepartementet og for teaterarbeid frå Kulturdepartementet. Tal medlemslag og medlemmar avgjer også kor mykje NU får til fordeling av Frifond-midlar.

Det er årsrapportane frå laga som dokumenterer medlemstalet i organisasjonen. Krav om å levere årsrapport blir sendt til laga på nyåret, men svært mange lag sender inn først når dei har motteke purringar og oppfølging frå NU-kontoret. Arbeidet med å krevje inn og purre på årsrapporten skjer heilt fram til NU sender søknad om statstilskot 15. september.

Talet støttegjevande medlemmar samsvarar med talet medlemmar som er under 26 år, og som har betalt minimum 50 kroner i kontingent. Desse medlemmane genererer driftstilskot til barne- og ungdomsarbeidet i organisasjonen, og Frifond-midlar til fordeling i laga.

Det var totalt 12 556 personar som var registrert som medlemmar i Noregs Ungdomslag i 2018, per 27. februar 2019.

Sidan medlemstalet for 2018 først vert stadfesta i september, når den absolutte fristen for å levere årsrapport går ut, kan ikkje talet samanliknast med fjorårets medlemstal enno.

***Utvikling samla medlemstal dei siste fem åra:***




**Dei endelege medlemstala i 2014–2017 er basert på årsrapportane levert av laga per 1. september i påfølgande år. Medlemstala for 2018 er registerte medlemmar i månadsskiftet i februar/mars 2019 og difor ikkje samanliknbare.*

## *Tal lag og medlemmar fordelt etter fylkeslag*

| | TAL LOKALLAG | | TAL MEDLEMMAR | | |
|---|---|---|---|---|---|
| *Fylkeslag* | *Inaktive* | *Aktive* | *0–25* | *26–95* | *Totalt* |
| Aust-Agder Ungdomslag | 1 | 12 | 287 | 422 | 709 |
| Bygdelagssamskipnaden | 1 | 15 | 488 | 788 | 1 276 |
| Eidsiva Fylkeslag | 0 | 3 | 25 | 118 | 143 |
| Finnmark Ungdomslag | 0 | 2 | 5 | 17 | 22 |
| Fylkeslaget Varden | 0 | 7 | 5 | 84 | 89 |
| Hordaland Ungdomslag | 9 | 42 | 809 | 1162 | 1971 |
| Hålogaland Ungdomslag | 0 | 10 | 68 | 232 | 300 |
| Inntrøndelag Ungdomssamlag | 8 | 17 | 207 | 173 | 380 |
| Naumdøla Ungdomslag | 3 | 13 | 169 | 175 | 344 |
| Nordland Ungdomsfylking | 1 | 8 | 105 | 266 | 371 |
| Nordmøre og Romsdal Ungdomslag | 3 | 25 | 433 | 580 | 1013 |
| Oppland Ungdomslag | 3 | 9 | 91 | 154 | 245 |
| Rogaland Ungdomslag | 2 | 12 | 107 | 392 | 499 |
| Sogn og Fjordane Ungdomslag | 4 | 38 | 433 | 621 | 1054 |
| Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag | 5 | 27 | 454 | 448 | 902 |
| Sør-Trøndelag Ungdomslag | 1 | 10 | 198 | 209 | 407 |
| Telemark Ungdomslag | 3 | 12 | 108 | 212 | 320 |
| Troms Ungdomsfylking | 4 | 16 | 169 | 400 | 569 |
| Vest-Agder Ungdomslag | 1 | 22 | 296 | 703 | 999 |
| Østerdal Ungdomslag | 3 | 2 | 55 | 78 | 133 |
| Direkteinnmeldte lag | 8 | 25 | 181 | 618 | 799 |
| Direktemedlemmar | - | - | 3 | 8 | 11 |
| Husmedlemslag | | 1 | | | |
| **Totalt** | **52** | **328** | **4 696** | **7860** | **12556** |

## *Utvikling i medlemstalet dei siste fem åra, fordelt etter fylkeslag*

| | MEDLEMSTAL* | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| *Fylkeslag* | *2014* | *2015* | *2016* | *2017* | *2018** |
| Aust-Agder Ungdomslag | 739 | 709 | 671 | 736 | 709 |
| Bygdelagssamskipnaden | 1290 | 1257 | 1201 | 1210 | 1 276 |
| Eidsiva Fylkeslag | 156 | 159 | 157 | 151 | 143 |
| Finnmark Ungdomslag | 13 | 13 | 27 | 35 | 22 |
| Fylkeslaget Varden | 86 | 98 | 96 | 99 | 89 |
| Hordaland Ungdomslag | 1771 | 2005 | 2236 | 2230 | 1971 |
| Hålogaland Ungdomslag | 258 | 318 | 215 | 263 | 300 |
| Inntrøndelag Ungdomssamlag | 575 | 520 | 479 | 424 | 380 |
| Naumdøla Ungdomslag | 232 | 211 | 189 | 293 | 344 |
| Nordland Ungdomsfylking | 428 | 366 | 330 | 350 | 371 |
| Nordmøre og Romsdal Ungdomslag | 1033 | 1024 | 1068 | 1107 | 1013 |
| Oppland Ungdomslag | 203 | 225 | 133 | 236 | 245 |
| Rogaland Ungdomslag | 660 | 686 | 646 | 631 | 499 |
| Sogn og Fjordane Ungdomslag | 1244 | 1206 | 1192 | 1314 | 1054 |
| Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag | 952 | 952 | 905 | 964 | 902 |
| Sør-Trøndelag Ungdomslag | 411 | 429 | 386 | 427 | 407 |
| Telemark Ungdomslag | 427 | 341 | 339 | 343 | 320 |
| Troms Ungdomsfylking | 826 | 847 | 773 | 708 | 569 |
| Valdres Ungdomslag (nedlagt i 2017) | 147 | 149 | 148 | - | |
| Vest-Agder Ungdomslag | 916 | 933 | 975 | 967 | 999 |
| Østerdal Ungdomslag | 106 | 87 | 85 | 86 | 133 |
| Direkteinnmeldte lag | 483 | 527 | 506 | 874 | 799 |
| Direktemedlemmar | 13 | 6 | 13 | 13 | 11 |
| **Totalt** | **12 969** | **13 068** | **12 770** | **13 461** | **12556** |

** Medlemstala er henta frå medlemslister i månadsskifte februar–mars. Det endelege medlemstalet er kvart år større enn kva som kjem fram her for det blir først stadfesta gjennom levering av årsrapport i september.*

## Lokallaga

Ved utgangen av 2018 var det 328 registrerte aktive lag i organisasjonen. I tillegg er det registrert 52 lag med status inaktiv.

Aktiviteten og tilboda er ulike frå lag til lag. Folkedans, teater, diskotek og barne- og ungdomsklubb er dei største aktivitetane i laga. 180 av laga har eige hus og 65 av laga eig part i eit hus. Medlemmene legg kvart år ned fleire hundre årsverk i dugnadsarbeid.

Knarvik Gammaldanslag i Hordaland, Høgdaringen i Buskerud, samt Leikarringen i Lillesand i Aust-Agder gjorde 2. gongs vedtak om utmelding.

I 2018 fekk vi to nye medlemslag, Ungdomslaget Fjell og Fjord i Naumdøla Ungdomslag og Åseral Ungdomslag i Vest-Agder Ungdomslag.

*I 2018 fikk vi to nye medlemslag, Ungdomslaget Fjell og Fjord i Naumdøla Ungdomslag og Åseral Ungdomslag i Vest-Agder Ungdomslag.*

## Besøk

I 2018 har det ikkje vore noko organisert besøk i lokal- og fylkeslag.

## Fylkeslaga

I 2018 hadde Noregs Ungdomslag 20 fylkeslag. I fire av fylkeslaga har det ikkje vore aktivitet. Styret si vurdering er at fleire av laga i praksis ikkje eksisterer, men det er medlemslaga i kvart enkelt fylkeslag som må ta initiativ til å eventuelt legge ned laget.

NU sitt årsmøte vedtok i 2009 eit sett minimumsoppgåver for fylkeslaga, for å definere meir deira rolle i organisasjonen:

- *Gjennomføre eige årsmøte*
- *Delta på NU sitt landsmøte og landsrådsmøte*
- *Sende årsrapport til NU, samt årsmelding og rekneskap for fylkeslaget, innan fastsette fristar.*
- *Melde inn kontingentsats til NU, innan fastsette fristar.*
- *Andre oppgåver som til ei kvar tid følgjer av lova til NU.*

Trass i dette vedtaket, er det ikkje alle fylkeslag som møter på landsmøtet og landsrådsmøtet, slik dei er pålagt å gjere. Dei fleste sender årsrapport.













NOREGS UNGDOMSLAG SITT MEDLEMSBLAD HEITER UNGDOM OG KJEM UT FIRE GONGER I ÅRET. 2018 VAR DEN 102. ÅRGANGEN TIL BLADET.



UNGDOMHUSET TRUDVANG I GRANVIN I HORDALAND
FOTO: ANNE-MARTE FØR

# UNGDOMSHUS OG LAGSBRUK

Mange av lokal- og fylkeslaga i NU eig eller har part i lagshus, og nokre av laga driv også forretningsverksemd. Husa og delar av inventaret er av stor kulturell verdi, både for lokalsamfunna, organisasjonen og Noreg. Dokumentasjon av bygga og auka driftskompetanse blant eigarane er såleis sentrale oppgåver for organisasjonen.

## NU Kulturformidling

Styret har arbeidd for å gjere dei om lag 220 ungdomshusa i organisasjonen til eit landsdekkande turnéhus-nettverk, koordinert av ein sentral infrastruktur. Forprosjektet NU Kulturformidling vart gjennomført i 2016, og våren 2017 fekk NU tilslag på midlar frå Kulturrådet til å gjennomføre eit hovudprosjekt. Lokallaga skal få tilført arrangørkompetanse og draghjelp gjennom prosjektet. Ein nettportal skal synleggjera arrangørane for utøvarar og sette dei i kontakt med kvarandre. Prosjektet vart starta opp hausten 2017 og er planlagt ut 2020. NU Kulturformidling presenterer ein digital husdatabase med ungdomshus på www.ungdomshus.no Prosjektansvarleg for både forprosjekt og hovudprosjekt er Anne-Marte Før.

> *NU Kulturformidling presenterer ein digital husdatabase med ungdomshus på www.ungdomshus.no*

## Dokumentasjon av lagsbruka

Etter at Norske kulturbygg vart lagt ned i 2012, fekk NU overført ansvaret for å administrere eit dokumentasjonsprosjekt om lagsbruksdrifta i Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag. Eit forprosjekt, finansiert av Norsk kulturråd, vart avslutta i januar 2014. For nokre år sidan arva Noregs Ungdomslag ein del midlar frå Kåre Kolås, der føremålet med arven var å støtte produksjonen av ei bok om lagsbruka. Hovudprosjektet blei starta opp i 2015 med Nils Seland som hovudforfattar. Boka, som er på om lag 300 sider, vart ferdigskriven i 2018 og skal trykkast og distribuerast i løpet av 2019.
Gjennom 2018 har også nettsida www.lagsbruk.no jamleg blitt oppdatert med meir informasjon.

## Huset i bygda

Dei organisasjonseigde kulturbygga – ungdomshusa, grendehusa, samfunnshusa og bygdehusa – er levande kulturarenaer, i stor grad finansiert med dugnad og frivillig innsats. Huset i bygda vart initiert av Sogn og Fjordane Ungdomslag i 2010, med sikte på å dokumentere dei organisasjonseigde bygga i fylket, samt heve driftskompetansen til eigarane. I Sogn og Fjordane er Huset i bygda no i fast drift med eigen tilsett under fylkeslaget. I 2014–2016 gjekk prosjektet i Hordaland, og i februar 2017 vart eit treårig prosjekt starta opp i Møre og Romsdal med ei 20 prosent stilling. Samlingar vart gjennomførte i Fiskå, Mork, Velledalen og Aursnes på Sunnmøre i mars 2018 med representantar frå til saman tolv hus. Prosjektleiar Siri Skjerve slutta i april 2018, medan ei langtidssjukemelding på NU-kontoret hindra framdrift ut året. Hausten 2018 vart det avtalt at Christoffer Knagenhjelm, rådgjevar for Huset i bygda i Sogn og Fjordane, tek over prosjektleiinga for Møre og Romsdal ut prosjektperioden frå januar 2019.

# OPPLÆRINGS-ARBEIDET

Ungdomslaga driv eit utstrekt opplæringsarbeid innanfor mange ulike fagfelt. Mykje av arbeidet blir dokumentert gjennom statistikk til Studieforbundet kultur og tradisjon, men det er også ein del av opplæringsarbeidet som ikkje blir registrert her, m.a. alt som er retta mot barn og unge under 14 år. Det har frå sentralleddet si side vore arbeidd mykje med å utvikle verktøy for opplæringsarbeidet dei siste åra.

## Verktøy for laga sitt opplæringsarbeid

### *Gjesteinstruktørordninga*

Alle medlemslag i Noregs Ungdomslag har høve til å bestille ein gjesteinstruktør til sitt lag utifrå sine behov. Tilbodet er subsidiert, og såleis eit spleiselag mellom sentralleddet og lokallaget som kjøper tenesta.

På teatersida var det tre gjesteinstruktøroppdrag i 2018. Den første helga i februar reiste Morten Rudå til Fevik for eit kurs i skodespelarteknikk under storkurset til Aust-Agder Ungdomslag. Den tredje helga i februar reiste Wilhelm Støylen til Osterøy i Hordaland for eit barneteaterkurs under vinterleiren til Mjeldalen Ungdomslag og Bergen Ungdomslag Ervingen. I mars reiste Endre Skar til UL Fram på Sunnmøre for eit revykurs.

I 2018 var det fem gjesteinstruktøroppdrag på dans. I tillegg vart to oppdrag avlyst og eitt utsett. Dette viser meir etterspørsel og eit større behov enn kva det har vore tidlegare år.

I februar hadde Eidsiva fylkeslag kurs i barneinstruksjon med Vegar Vårdal i Sarpsborg. Dette var del to av eit kurs som starta i 2017. Seinare i februar hadde Leikarringen Frøy i Ås kurs i pols, halling og runddansar med Simon Hesselberg Løvald. I mars reiste Solveig Brekke Hauknes til Bodø for å ha kurs i samdansprogrammet til NORDLEK med Bodø Folkedanslag. I april var det UL Gå På i Nordli som hadde hallingkurs med Anita Vika Langødegård. Til slutt hadde ungdomsgruppa i BUL Ervingen besøk av Inga Myhr i Fana der tema var springar. Det siste kurset var i september.

*Med Folkepedia vert folkedans som sjanger ufarleggjort, og barn og unge i organisasjonen synleggjort som dansarar.*

### *Folkepedia*

Folkepedia er eit nasjonalt prosjekt der det blir produsert danseopplæringsfilmar innanfor folkedans. Ordet Folkepedia er samansett av folke for folkedans, og pedia som både speler på pedagogikk og Wikipedia. Prosjektet skal vere ein inspirasjon og ressurs for danseopplæring med folkedans, som synleggjer, inspirerer og gjer folkedansen meir tilgjengeleg. Med Folkepedia vert folkedans som sjanger ufarleggjort, og barn og unge i organisasjonen synleggjort som dansarar.

I 2016 vart det gjennomført eit forprosjekt som var støtta av Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU). Frå 2017 og vidare i 2018 har hovudprosjektet gått føre seg, også med stønad frå LNU. I tillegg har det vore eit fylkesprosjekt i Møre og Romsdal med støtte frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkesarkivet for Møre og Romsdal, Møre og Romsdal Folkemusikklag, Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag og Nordmøre og Romsdal Ungdomslag.

I løpet av 2018 har det vore spelt inn filmar i Nordland og Møre og Romsdal. I januar var det Tårstad Leikarring som var med på innspeling. Innspelinga i Møre og

Romsdal gjekk over fire dagar og var med fleire ulike lag og på ulike stader. Det vart spelt inn filmar med elevar frå Eidsvåg barne- og ungdomsskule, Stordal Folkedansgruppe, Sykkylven Frilynde Ungdomslag og Fiskå Frilynde Ungdomslag. Det var også planlagt innspeling i Oslo i samband med forprosjektet til det nasjonale barnestemnet Småleik, men dette vart utsett til 2019.
I 2018 passerte Folkepedia godt over 70 ferdigproduserte filmar som du finn på www.folkepedia.no.

## Nasjonal instruktøropplæring

I tråd med målsetjingane i langtidsplanen om å auke opplæringsaktiviteten, vedtok landsmøtet i 2014 å revidere instruktørmodellen, og det er lagt opp til at instruktørkursa skal bli arrangert regionalt. 2017 var det fyrste heile året med ny instruktørmodell. Målet er at det skal arrangerast fire folkedanskurs og fire teaterkurs, samt eit basiskurs i teater kvart år.

### *Instruktørkurs, folkedans*

Innanfor dans skal NU kunne tilby grunnleggande instruktørkurs innanfor dei sjangrane som lokallaga utøver, om det er folkedans, linedans, swing eller hip hop. I tillegg tilbyr vi desse kursa:

- *Grunnleggande instruktørkurs*
- *Danseleik for barneinstruktørar*
- *Juniorinstruktørkurs*
- *Song til dans*
- *Turdansrepertoar*
- *Samdansteknikk*
- *Runddansrytmar*
- *Din eigen bygdedans*
- *Instruktørkurs i koreografi*
- *Songdans og stordans*

Tanken er at instruktørkursmodellen på dans er dynamisk, der det blir opna opp for andre kurs ved behov og etterspurnad. Instruktørkursa skal kunne arrangerast lokalt og regionalt etter kva behov som finst ute i laga. Alle kursa er nasjonale og skal vera ope for både medlemmar og ikkje-medlemmar i NU.

I 2018 vart det gjennomført tre av fire planlagde kurs. Følgjande instruktørkurs vart gjennomført:

- *12.–14. januar, Skjetten: Tema turdansfordjuping. Instruktør Tor Stallvik med musikar Tonje Lien Barkenæs. Kurset hadde 19 deltakarar der 17 stk. var til stades over 75 prosent av tida. Lokalt vertskap var SAFFA, Bygdelagssamskipnaden og Eidsiva fylkeslag.*
- *27.–29. april, Oslo: Tema samdansteknikk. Instruktør Vegar Vårdal med musikarane Håvard Ims og Åsmund Reistad. Kurset hadde 17 deltakarar der 16 stk. var til stades over 75 prosent av tida. Lokalt vertskap var Leikarringen i BUL Oslo.*
- *24.–25. november, Tyssedal: Tema Folkepedia. Instruktør Halldis Folkedal med musikar Maria Skjeldrum Toppe. Kurset hadde ni deltakarar der åtte stk. var til stades over 75 prosent av tida. Lokalt vertskap var Hardingfela.no og Skare Ungdomslag.*

> *I 2018 passerte Folkepedia godt over 70 ferdigproduserte filmar.*

Det var også planlagt eit barneinstruktørkurs med fokus Folkepedia med Halldis Folkedal under Aust-Agder Ungdomslag sitt storkurs i Fevik i februar, men dette vart avlyst grunna for få deltakarar.

### *Instruktørkurs, teater*

I februar var det lagt opp til eit instruktørkurs i barne- og ungdomsteater i samband med storkurset til Aust-Agder Ungdomslag i Fevik i februar. Det var også lagt opp til eit basiskurs i leiing og regi i samband med NU-helga og landsmøtet i Oslo april 2018. Begge kursa vart avlyst på grunn av for få deltakarar. Basiskurset skulle setjast opp på Det Norske Teatret i september, men ein kom ikkje i mål med planlegginga grunna ei langtidssjukemelding på NU-kontoret. 13.–14. oktober var det instruktørkurs i barne-


FRÅ EI AV SAMLINGANE TIL UNG LEIARSKAP UNDER SOMMARLEIREN

og ungdomsteater i Kvinesdal i Vest-Agder med fem deltakarar i alderen 15–61 år. Instruktør var Tobias Avlund Heiberg.

Forutan eit grunnleggande instruktørkurs, tilbyr NU sjangerkurs for instruktørar i vaksenteater, musikal, revy, komedie/farse, impro, samt barne- og ungdomsteater.

## Andre nasjonale opplæringstiltak

### *Ung leiarskap*

Våren 2018 fekk Noregs Ungdomslag tilslag på midlar frå Landsrådet for barne- og ungdomsorganisasjoner (LNU) til prosjektet «Ung leiarskap». Målet var å rekruttere unge leiartalent til ei intensiv opplæring i organisasjonsleiing. Fem deltakarar i alderen 15–25 år gjennomførte totalt 40 kurstimar med instruktørane Gard Hongslo og Tor Abild frå stiftinga Fundatum under sommarleiren på Skarnes i juli og over ei kurshelg i Oslo i august.

### *Saum av dåpsluer*

I samband med landsmøtehelga i april, skipa Noregs Ungdomslag til eit 12-timerskurs i handsaum av dåpsluer. Dei fem deltakarane fekk innføring i dei tradisjonelle luene som var i bruk for meir enn 200 år sidan, og korleis bruke desse som inspirasjon til å sy nye luer. Kurshaldar var Mona Løkting.

## Opplæringstiltak i samarbeid med andre organisasjonar

### *Bunadopplæringa*

Bunadopplæringa er eit samarbeid mellom Studiefor-bundet kultur og tradisjon, Norges Husflidslag, Norsk Folkedraktforum og Noregs Ungdomslag, som starta hausten 2007. Kursrekkja be-står av seks modular, som til saman skal gje deltakarane ei brei innføring i praktisk bunadssaum. Kursrekkja er open for alle som ønskjer å lære meir om bunadssaum, anten som grunnlag for eigenproduksjon eller

næring. Det er mogleg å ta heile kursrekkja, eller berre enkeltmodular. Bunadopplæringa er bygd opp kring kompetansemåla i læreplanen for bunadtilverkarfaget VG3, og kan inngå som ein del av vegen til sveinebrev.

I 2018 har det gått tre parallelle kursrekkjer, og vore gjennomført åtte modular og ein tilleggsmodul i mønsteravtak og gradering. Mette Vårdal og Kai Roger Vatne har vore NU sine representantar i styringsgruppa.

### Scenerom

Scenerom – kurs i regi og teaterproduksjon, er ei nyutvikla kursrekkje som blir gjennomført av Studieforbundet kultur og tradisjon, som ein del av arbeidet i Teateralliansen. I 2018 sat Inger Johanne Ruset i styringsgruppa for opplæringa for NU. Første kursrekkje vart ferdigstilt i Oslo i 2017. Andre kursrekkje vart sett i gong i januar 2017. Fire av deltakarane på desse kursa kom frå lokallag i NU. Ei tredje kursrekkje vart starta i september 2017, men vart ikkje vidareført på grunn av fråfall blant deltakarane.
I tråd med resultatet av ei kartlegging, har Studieforbundet gjennomført to testkursrekkjer på fire modular kvar, på grunn-nivå. Ei i Oslo og ei i Sandefjord. Ny og justert kursrekkje er under gjennomføring i Oslo, der modul 1 og 2 blei gjennomført i tidsrommet april–mai 2018. 22 personar har så langt fullført kursrekkja, 12 personar er undervegs og har fullført modul 1 og 2.

### *Tilskot til opplæringsaktivitet gjennom Studieforbundet i 2018*

| FYLKE | TILSKOT I 2018 | KURS | DELTAKARAR | KURSTIMAR 2017 | KURSTIMAR 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| Østfold | 29 045 | 14 | 117 | 417 | 375 |
| Akershus | 8 265 | 3 | 59 | 78 | 87 |
| Oslo | 96 435 | 40 | 424 | 843 | 1 107 |
| Hedmark | 14 370 | 10 | 128 | 168 | 155 |
| Oppland | 9 170 | 5 | 48 | 258 | 112 |
| Buskerud | 64 180 | 31 | 259 | 321 | 843 |
| Vestfold | 61 550 | 32 | 405 | 841 | 653 |
| Telemark | 44 072 | 17 | 229 | 423 | 503 |
| Aust-Agder | 79 135 | 38 | 486 | 777 | 833 |
| Vest-Agder | 54 940 | 22 | 207 | 718 | 597 |
| Rogaland | 103 075 | 33 | 273 | 731 | 1 259 |
| Hordaland | 149 169 | 45 | 383 | 1 929 | 1 651 |
| Sogn og Fjordane | 73 200 | 24 | 205 | 1 481 | 829 |
| Møre og Romsdal | 212 885 | 71 | 544 | 2 912 | 2 555 |
| Nordland | 64 905 | 34 | 284 | 1 003 | 795 |
| Troms | 81 065 | 36 | 267 | 879 | 926 |
| Finnmark | 22 775 | 6 | 31 | 224 | 245 |
| Trøndelag | 335 635 | 70 | 366 | 2333 | 3669 |
| **SUM** | **1503 871** | **531** | **4715** | **16 361** | **17 194** |

### Tilskot til opplæring

Studieforbundet kultur og tradisjon er ungdomslaga sitt studieforbund. I tillegg til å legge til rette for og formidle støtte til opplæring i organisasjonen, er studieforbundet ein pådrivar for utviklingsarbeid innanfor fleire fagfelt, driv høgare utdanning og interessepolitisk arbeid innanfor feltet opplæring i frivillige organisasjonar.

Det blei gjennomført 531 kurs med 17 194 studietimar i Noregs Ungdomslag i 2018. Dette er 13 færre kurs enn i 2017, men heile 833 fleire kurstimar enn året før. Kursaktiviteten medførte at laga fekk tildelt totalt kr 1 503 871. Det samla tilskotet vart kr 133 686 meir enn i 2017.

# MØTESTADER



FRÅ IMPROKAPPLEIKEN UNDER SOMMARLEIREN
FOTO: THOR HAUKNES

## Sommarleiren

Sommarleiren 2018 vart halden på Solbakken Folkehøgskule på Skarnes i Sør-Odal i Hedmark 1.–6. juli. Nok eit år var det vellukka å skipe leir på ein folkehøgskule med godt eigna kurslokale, god plass til overnatting på både flatseng og internatrom og ikkje minst ein kjøkkenstab som ordna alle matbehov. Då det ikkje var eit aktivt lokallag i nærleiken av Skarnes vart det ei utfordring å skaffe nok personar til dugnadsvakter, men då var det igjen godt å vere på ein folkehøgskule. Det skal nemnast at leirutvalet og leirpotetene gjorde ein solid innsats gjennom heile veka, særleg med omsyn til dei sosiale aktivitetane og oppfølging av deltakarane.

Leiren hadde ein auke i tal deltakarar med totalt 50 personar i 2018 (42 i 2017). Årets deltakarar kom frå 20 ulike lag og ni fylke.

Ein kunne velje langkurs i dans, teater, spel (avlyst) og friluftsliv. I tillegg vart fyrste del av Ungt leiarskap halde for ein eksklusiv gjeng med unge leiartalent i organisasjonen. Det var også mange ulike kortkurs å velje mellom om ettermiddagen.
Instruktørar var: Øyunn Bjørke, Thomas Nilssen, Mads Erik Odde, Per Jørgen Høye, Guro Redalen og Kevin Theigmann. Ungt leiarskap vart arrangert med instruktørar frå Fundatum.
Utflukta gjekk til Sverige med vellukka besøk på Västanå Teater i Sunne der vi fekk sjå framsyninga «Anna Svärd».

## NORDLEK

NORDLEK er eit nordisk folkedans- og folkemusikkstemne som er organisert under den nordiske organisasjonen Nordlek, der NU er einaste norske avtalepart. Stemnet NORDLEK blir arrangert kvart tredje år der dei nordiske landa byter på å vere arrangør. I 2018 vart NORDLEK arrangert i Falun i Sverige 10.–15. juli. I forkant av stemnet var det også ein nordisk sommarleir for ungdom i alderen 13–25 år, som vart arrangert 7.–9. juli same stad som sjølve NORDLEK-stemnet.

Frå Noreg var det med 250 deltakarar frå 38 lag på stemnet, men diverre ikkje fleire enn éin deltakar på den nordiske sommarleiren for ungdom. Det viste seg å vere vanskeleg å rekruttere deltakarar til både nordisk og norsk sommarleir, sjølv om det vart lagt opp til felles reise direkte frå NU sin sommarleir og vidare til Falun. Totalt var det over 2000 deltakarar på NORDLEK og over 100 på ungdomsleiren.
Arrangøren la denne gongen opp til ei større satsing på musikken som ein del av stemnet, men det var framleis ei utfordring å få med norske musikkgrupper eller enkeltmusikarar til å delta på stemnet. Det vart difor mykje arbeid på utvalsmedlem Nina Byttingsmyr som spelte til dei fleste kursa som Noreg var ansvarlege for. Som instruktørar var resten av utvalet og kontoret også svært aktive, men med god hjelp frå nokre av dei andre norske deltakarane.
På NORDLEK deltok heile det norske Nordlek-utvalet, i tillegg til folkedansrådgjevar frå NU-kontoret.

> *Nok eit år var det vellukka å skipe leir på ein folkehøgskule.*

## Kven Veit? og Junior Kven Veit?

Kven Veit? er ei landsomfattande kunnskapstevling for alle over 14 år. Det vert også skipa til Junior Kven Veit? der målgruppa er personar under 14 år. I 2018 vart administrasjon av tevlinga sett ut til kontoret til Huset i Bygda Sogn og Fjordane. Det var gjort ei evaluering av samarbeidet, noko som vil gje grunnlag for gjennomføring av tevlinga i 2019.

I 2018 var temaet for tevlinga Ungdomshuset. Det deltok 69 tevlande lag frå 32 medlemslag i seniorklassa. I juniorklassa deltok 13 tevlande lag frå fire medlemslag og to skular. Vinnar i seniorklassen var Bergen Ungdomslag Ervingen og vinnar av juniorklassen var Fjærland UL og Bygstad skule.

I Kven veit? 2018 var det totalt 460 tevlande deltakarar på 82 lag frå 36 ulike medlemslag og 2 skuleklasser. Til samanlikning var det i 2017 475 deltakarar på 92 lag frå 36 ulike medlemslag. Og i 2016 var det 423 tevlande deltakarar på 81 lag frå 36 ulike medlemslag.

# INFORMASJONSARBEID OG INTERESSEPOLITIKK

## Informasjonsarbeid

Noregs Ungdomslag sine viktigaste informasjonskanalar er medlemsbladet Ungdom, innstikka i Norsk Barneblad, Facebook og månadlege nyheitsbrev til tillitsvalte i lokallaga og fylkeslaga. I tillegg er nettsidene ungdomslag.no, ungdomshus.no, sommarleiren.no, folkepedia.no og husetibygda.no i aktiv drift. Noregs Ungdomslag fekk nye nettsider våren 2018 med eit nytt, responsivt design tilpassa blant anna lesarar på mobil og nettbrett. Nettsida ungdomshus.no vart lansert samtidig, og har ei oversikt over alle forsamlingshusa i organisasjonen, samt turnéruter i samband med NU Kulturformidling. Eit fokus for 2018 var elles innføring av personvernforordninga GDPR.

Medlemsbladet Ungdom har hatt eit snittopplag på 4900 eksemplar per utgåve, og kom ut med fire utgåver i 2018. Opplagstalet varierer utifrå kor mange mottakarar er registrerte i medlemsregisteret i forkant av kvar postsending. I 2018 var lågaste opplag på 3800, medan høgaste opplagstal var 6200. Elektroniske utgåver har vorte lagt ut på issuu.com/noregsungdomslag

Samarbeidet med Norsk Barneblad har halde fram, der alle barnemedlemmar i NU får tilsendt Norsk Barneblad fire gongar i året om dei ønskjer det. Fire av sidene er eit innstikk produsert av NU-kontoret. Snittopplaget i 2018 var på 1581 per utgåve. Noregs Ungdomslag er på følgjande flater i sosiale medium:

- *Facebook blir brukt til å formidle saker frå nettsidene, i tillegg til at det blir lagt ut bilete frå arrangement og anna relevant informasjon til følgjarane. Ved utgangen av 2018 hadde Noregs Ungdomslag 2617 følgjarar på Facebook, ein auke på over 15 prosent frå same tid året før. I tillegg har Sommarleiren, Folkepedia og Huset i bygda og eigne Facebook-sider.*
- *Instagram blir brukt til å dele bilde, gjerne frå aktivitetar eller artig arkivmateriale. På slutten av året hadde Noregs Ungdomslag 906 følgjarar mot 814 i 2017 og 644 i 2016).*
- *Noregs Ungdomslag har ein Snapchat-konto med brukarnamnet «ungdomslag» som blir brukt spesielt for å kommunisere med sommarleir-deltakarar.*
- *Bildealbum frå større arrangement blir lagt på Flickr.com.*
- *Videoar som vert produserte av Noregs Ungdomslag vert lagt ut eigen kanal på vimeo.com.*
- *NU brukar emneknaggen #levandelokalkultur.*

## Interessepolitikk

Noregs Ungdomslag er medlemmar i fleire paraplyorganisasjonar som arbeider interessepolitisk for ulike saker, og som fremjar saker som er av interesse for ungdomslaga. NU er representert i fleire av styra for desse interesseorganisasjonane. I 2018 vart det brukt særleg ressursar på det interessepolitiske arbeidet gjennom Teateralliansen, Kulturalliansen, Studieforbundet kultur og tradisjon og Frivillighet Norge. Vi brukte også ein del tid på prosjektet for å få den allmenne

bunadbruken inn på UNESCO si Representative liste over immateriell kulturarv. Eit arbeid som vi gjer i saman med Norges Husflidslag, Norsk institutt for bunad og folkedrakt, Studieforbundet kultur og tradisjon og Norsk folkedraktforum.

NU har også i 2018 koordinert og administrert arbeidet i Teateralliansen, og NU har i tillegg hatt eit særleg driftsansvar for manusbanken Dramas. Teateralliansen har hatt oppgåva med å tildele driftstilskot for Kulturdepartementet også i 2018, i vente på at departementet skulle konkludere med korleis statsbudsjettløyvingane til amatørteaterføremål endeleg skulle disponerast. Det vil seie at det er NU som har vore mottakar av midlane frå Kulturdepartementet, og som har fordelt desse vidare til dei ulike organisasjonane. NU har deretter koordinert rapporteringsarbeidet, og rapportert samla til departementet. Kulturdepartementet bestemte i slutten av 2018 at Kulturrådet skal ta over oppgåva med tildeling av midlar innan amatørteaterfeltet frå og med 2019, men dei har ikkje klart å konkludere på nye tildelingskriterium slik som Teateralliansen har jobba for. 2018 var siste året var siste året NU førte rekneskap for Teateralliansen og Dramas.

NU har hatt eit administrasjonsoppdrag for Kulturalliansen i 2018, ved å stå for økonomioppfølging. I tillegg har styreleiar i NU, Mette Vårdal, vore styremedlem i organisasjonen. Kulturalliansen er ein viktig organisasjon for det politiske arbeidet på kulturfeltet, og spesielt det arbeidet som no blir gjort i samband med momskompensasjon på organisasjonseigde kulturhus, og kartlegging av lokale og bygg som blir brukt til kulturaktivitetar rundt om i landet.

Frivillighet Norge si viktigaste interessepolitiske sak er momskompensasjonsordninga for frivillige organisasjonar. I 2018 har dette arbeidet ført til ei positiv utvikling, som gjorde at organisasjonane fekk ei mindre avkorting av søknadssummane sine. Dette er ei utvikling som ser ut til å halde fram, men det er framleis ein lang veg å gå før vi har full momskompensasjon. Frivillighet Norge arbeider for full momskompensasjon, som betyr både at mottakarane skal sleppe å bli avkorta i tildelingsbeløpet, men også at dei skal få kompensasjon for alle momskostnader, t.d. på bygg og anlegg, som søkjarane i dag må gjere frådrag for. NU har i 2018 hatt eit stort fokus på momskompensasjon for organisasjonseigde kulturhus, og at desse skal få den same ordninga som idrettsbygg, noko som utgjer store summar for vår organisasjon.




*Følg @ungdomslag på Snap.*



STRATEGIDISKUSJON UNDER LANDSRÅDSMØTET
FOTO: INGER JOHANNE RUSET

# STYRINGS-STRUKTUREN

## Landsmøtet

Landsmøtet blei halde på Scandic St. Olavs plass, 22.–23. april. Det deltok 89 utsendingar med røysterett på landsmøtet, inkludert styret. I tillegg deltok fem frå administrasjonen. Vi hadde gjestar og helsingar frå Studieforbundet kultur og tradisjon, Landsrådet for barne- og ungdoms-organisasjonar, Rådet for folkemusikk og folkedans og FolkOrg.

### *Desse sakene blei handsama i tillegg til ordinære landsmøtesaker:*

- *Fagpolitisk plattform*
- *Langtidsplan 2019–2022*
- *Arbeidsplan 2019–2020*
- *Budsjett 2019–2020*
- *Følgjande fråsegner blei vedtekne av landsmøtet:*
  - Mindre plast for eit levande lokalmiljø!
  - Evaluer spelemiddel-ordninga

### *Utsendingar fordelt på fylkeslag*

| Fylkeslag | 2017 | 2018 |
|---|---|---|
| Aust-Agder Ungdomslag | 3 | 9 |
| Bygdelagssamskipnaden | 9 | 10 |
| Eidsiva Fylkeslag | 4 | 3 |
| Finnmark Ungdomslag | 1 | 1 |
| Fylkeslaget Varden | 1 | 1 |
| Hordaland Ungdomslag | 11 | 7 |
| Hålogaland Ungdomslag | 0 | 0 |
| Inntrøndelag Ungdomssamlag | 3 | 2 |
| Naumdøla Ungdomslag | 1 | 1 |
| Nordland Ungdomsfylking | 3 | 5 |
| Nordmøre og Romsdal Ungdomslag | 4 | 4 |
| Oppland Ungdomslag | 1 | 0 |
| Rogaland Ungdomslag | 5 | 7 |
| Sogn og Fjordane Ungdomslag | 2 | 1 |
| Sunnmøre frilynde Ungdomssamlag | 1 | 3 |
| Sør-Trøndelag Ungdomslag | 4 | 5 |
| Telemark Ungdomslag | 8 | 8 |
| Troms Ungdomsfylking | 6 | 7 |
| Vest-Agder Ungdomslag | 7 | 5 |
| Østerdal Ungdomslag | 0 | 0 |
| Direkteinnmeldte lag | 3 | 3 |
| Styret | 7 | 7 |
| **Til saman** | **84** | **89** |

## Landsrådet

Landsrådet er samansett av leiarane i fylkeslaga og styret i Noregs Ungdomslag, og er ein viktig møteplass i organisasjonen. I 2018 blei landsrådsmøtet halde 27.-28. oktober på Thon Hotel Slottsparken i Oslo.

Det deltok 16 personar frå 13 fylkeslag, åtte frå styret og fem frå administrasjonen. Valnemnda hadde óg møte same helga.

### *Saker på saklista var:*

- *Aktuelle saker frå NU*
- *Nytt og aktuelt frå fylkeslaga*
- *Instruktøropplæringa og tilskipingar*
- *Sommarleiren i NU*
- *Langtidsplan 2019-2022*
- *Nye planar for besøksrunden i laga*
- *Fylkeslaga inn i framtida*
- *Instruktørkurs i 2019*
- *Landsmøtehelg 2019*
- *Nordring 2019*
- *Nordlek 2024*
- *Politikk og fagleg utvikling*
- *Nye trendar i frivilligheita i Noreg*
- *Folkepedia*
- *Stemne for born*
- *Bunaddebatt 2019*
- *Formidling av fagpolitisk plattform til barn og unge*

## Heidersmedlemmar

Gunnar Rødal vart utnemnt til heidersmedlem i 2001. Gunnar var tilsett i 35 år som reiseinstruktør innan folkedans, og har gjennom eit langt liv lagt ned ein stor innsats både for norsk folkemusikk og folkedans og NU.

## Styret

### *Styret fram til landsmøtet 2018:*

| | |
|---|---|
| LEIAR: | Mette Vårdal, Oppland Ungdomslag |
| POLITISK NESTLEIAR: | Marit Nerås Krogsæter, Sunnmøre frilynde Ungdomssamlag |
| ORG. NESTLEIAR: | Terje Svindseth, Bygdelagssamskipnaden |
| STYREMEDLEMMAR: | Tone Mjelde, Hordaland Ungdomslag |
| | Morten Nilsen, Nordland Ungdomsfylking |
| | Torbjørn Bergwitz Lauen, Hordaland Ungdomslag |
| | Kevin Theigmann, Nordland Ungdomsfylking |
| 1. VARA | Endre Strømsjordet Myhre, Oppland Ungdomslag |
| 2. VARA | Stian Johannessen, Inn-Trøndelag Ungdomssamlag |
| 3. VARA | Marie Nicolaisen, Bygdelagssamskipnaden |

### *Styret etter landsmøtet 2018:*

| | |
|---|---|
| LEIAR: | Mette Vårdal, Oppland Ungdomslag |
| POLITISK NESTLEIAR: | Marit Nerås Krogsæter, Sunnmøre frilynde Ungdomssamlag |
| ORG. NESTLEIAR: | Terje Svindseth, Bygdelagssamskipnaden |
| STYREMEDLEMMAR: | Tone Mjelde, Hordaland Ungdomslag |
| | Morten Nilsen, Nordland Ungdomsfylking |
